

Til styret og generalforsamlinga i  
Sparebankstiftinga Hardanger

## Uavhengig melding frå revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Me har revidert Sparebankstiftinga Hardanger sitt årsrekneskap som viser eit overskot på kr 75 983 720. Årsrekneskapet er samansett av balanse per 31. desember 2018 og resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er det vedlagte årsrekneskapen gjeve i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018 og av resultat for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med desse standardane står skreve i Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Me er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Anna informasjon*

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og me attesterer ikkje anna informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdera om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap me har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagt å rapportera det. Me har ingenting å rapportera i denne samanheng.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvise bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunna utarbeida eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som totalt ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretekk basert på årsrekneskapen.

SSom del av revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt ISA-ane, utviser me profesjonelt skjøn og profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal me identifisera og vurdere risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slike risiko, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av mislig framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sida misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal me opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet si interne kontroll.
- skal me evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimat som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege.
- skal me konkludera på hensiktsmessigheten av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si evne til framleis drift. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det krevd at me i revisjonsmeldinga gjev merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- skal me evaluera den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane og om årsrekneskapen utgjør dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvise bilete.

Me har kontakt med styret blant anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som me har avdekka under revisjonen, samt om eventuelle vesentlege avvik i den interne kontrollen.



### Uttale om andre lovmessige krav

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlingar me har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt si plikt til å syrgja for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

#### *Konklusjon om utdelingar og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Voss, 27. februar 2019

RSM Norge AS



Åse Steen-Olsen  
Statsautorisert revisor